

## **Resolusjon til årsmøtet i Utdanningsforbundet Lindås 25.3.15**

**Til Lindås kommune ved rådmannen og ordføreren:**

### **INTERKOMMUNALT SAMARBEID OG KOMMUNESAMANSLÅING**

Det har gjennom dei siste åra vore ei stor auke i det interkommunale samarbeidet mellom kommunane i Nordhordland. Dette samarbeidet går i hovudsak føre seg på administrativt nivå, og omfattar både større einskildprosjekt som t.d. felles landbrukskontor og helsehus, men og fast samarbeid i Kursregion Nordhordland og andre effektiviseringsnettverk. I tillegg kjem strategisk viktige interkommunale selskap.

Ein fellesnemnar for det interkommunale samarbeidet er at dei tilsette, og dei tilsette sine organisasjonar, i liten eller ingen grad får medverknad eller innsyn i det som går føre seg. Når organisasjonane prøver å få innpass, blir dei stort sett møtt med at det ikkje takast avgjerder i dei ulike interkommunale samarbeidsfora, men at informasjon og drøfting skal gå føre seg i den einskilde kommune. Når det då viser seg at informasjonen som vert gitt er særskild mangelfull, og drøftingane blir prega av at kommunane har blitt einige på førehand gjennom dei føringane som ligg frå det interkommunale samarbeidet, meiner Utdanningsforbundet Lindås at dette er heilt klare brot på Hovudavtalen sine intensjonar og paragrafar. Informasjon skal gjevast, og drøftingar skal gjennomførast, så tidleg som mogleg og på alle nivå, og dei tilsette sine organisasjonar skal gjennom medverknad ha reelle moglegheiter til å påverke prosess og resultat.

Når vi no kan lese at kommunane i Nordhordland skal setje seg ned og forhandle om kommunesamanslåing, stiller Utdanningsforbundet Lindås seg spørsmålet om kva som ligg i «potten» det skal forhandlast om. Det vil vere eit brot på avtaleverket om politikarane i desse forhandlingane inngår forpliktande avtalar som inneber flytting av arbeidsplassar og andre omstillingar, utan at dei tilsette sine organisasjonar er informert og har moglegheit til å kome med innspel. Utdanningsforbundet Lindås krev at det i samband med forhandlingane blir oppretta ei referansegruppe der dei tilsette sine organisasjonar er representert. Utdanningsforbundet Lindås krev og at dei tilsette sine organisasjonar blir representert når kommunane i Nordhordland opprettar ei prosjektgruppe som skal jobbe med kommunesamanslåinga.

Seim 25.mars 2015

Årsmøtet i Utdanningsforbundet Lindås